

Forskrift om endring i forskrift om opptak til høgare utdanning

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 21. november 2025 med heimel i lov 1. mars 2024 nr. 9 om universiteter og høyskoler § 8-1, § 8-3, § 8-4 og § 8-5.

I

I forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning blir det gjort følgjande endringar:

§ 3-12 blir oppheva.

§ 4-2 andre (2) ledd skal lyde:

(2) Bachelorstudium i biovitenskap og laboratorieteknologi ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet og bioingeniøruddanning har krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2 og enten fysikk 1 eller biologi 1 eller kjemi 1.

§ 4-3 femte (5) ledd skal lyde:

(5) Bachelorstudia Matematikk: finans, forsikring og økonomi, Matematikk: data, modellering og berekningar og Matematikk: teoretisk og anvend matematikk ved Universitetet i Oslo har krav om matematikk R1 + R2 og i tillegg enten fysikk 1 + 2, kjemi 1 + 2, biologi 1 + 2, informasjonsteknologi 1 + 2, geofag 1 + 2, teknologi og forskingslære 1 + 2 eller samfunnsøkonomi 1 + 2.

§ 4-5 skal lyde:

For studium innan økonomiske og administrative fag kan institusjonane sjølv fastsetje krav om matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) eller ha krav om minimum karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar).

I nåverande § 4-9 skal bokstav o strykast.

Nåverande § 4-10 niande (9) ledd blir oppheva. Dei etterfølgjande ledda blir flytta opp tilsvarande.

I nåverande § 4-10 ellefte (11) bokstav e skal strekpunkt fire, ti, elleve og tolv strykast.

Vedlegg I og II blir erstatta av vedlagde dokument.

II

Endringsforskrifta trer i kraft straks.